



Skarsvåg Rør og Interiør as

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/207 - 15/18100

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
10.12.2015

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg gbnr 42/8 på Eikeland.

**Administrativt vedtak. Saknr: 357/2015**

**Tiltakshavar: Ingrid og Svein Eikeland**

**Ansvarleg s kj r: Skarsv g R r & Interi r AS**

### Saksutgreiing:

Det er i s knad, motteke 19.11.2015 og kart motteke 03.12.2015, s kt om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg for bustadhus p  Eikeland, gbnr 42/8. Eigedomen skal koplast til det kommunale avlaupsanlegget i kommunal kum.

Eigedomen har i dag privat avlaupsl ysing med slamavskiljar. Slamavskiljaren skal koplast ut ved tikopling til kommunalt anlegg.

### Vurdering:

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert t mde og fylt att med steinmassar. Eigar m  sj lv syta for naudsynt t mning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamt mmeordning g r ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

Kommunen er kjent med at eigedomen allereie er tilknytt.

## **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner at gbnr 42/8 vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg i samsvar med søknad motteke 19.11.2015 og situasjonskart motteke 03.12.2015 på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret og for kloakk kr 10 000,- pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

VA-tilkopling 42-8

**Kopi til:**

Ingrid Eikeland	Eikelandsvegen 171	5917	ROSSLAND
Svein Eikeland v/Nils Eikeland	Rosslandsvegen 1567	5917	ROSSLAND

**Mottakere:**

Skarsvåg Rør og Interiør as